

## ÅRSMELDING 2006

Osterøy IL, Handballgruppa.

Årsmøtet 2006 vart halde 14.02.06 i klubbhuset, og styret fekk denne samansetjinga etter årsmøtet:

Leiar: ingen hadde sagt ja til vervet

Skrivar: Eli Hole

Kasserar: Laila Borge

Styremeldlem: Berit Langeland, Kjell Gjøstein, Norvald Børtveit, Svend Svardal og  
Veronica Ahmer

Medlemmer i valnemda vart Tony Lillefosse, Atle Bøe og Sonja Hansen.

Etter hard jobbing var det ikkje mogleg å få nokon kandidat til leiarvervet i gruppa. På første styremøte vart derfor Eli Hole leiar, og inn som ny skrivar kom Anne Lise Hoshovde.

Me har hatt 8 styremøte og handsama 44 saker dette året. Leiar har vore på eit styremøte i hovudstyret, og kasserar har vore på eit seminar i regi av hovudstyret. Kasserar og eit styremedlem har delteke på sonemøte i regi av NHF, Region Vest.

Vi har ikkje hatt sportsleg leiar denne sesongen, då ho trekte seg i byrjinga av sesongen. Det har ikkje vore mogleg å få nokon andre til å ta på seg dette vervet. Oppgåvene sportsleg leiar hadde ansvar for, vart fordelt på dei ulike styremedlemmene. Det er ynskjeleg at handballgruppa har ein sportsleg leiar, og styret bør prøve å få oppretta denne stillinga att før neste sesong startar.

Handballgruppa hadde ved årsskiftet 120 betalande medlemmer. Det har vore ein liten nedgang i talet på medlemmer frå i fjor. Vi har størst problem med å halde på dei eldste spelarane.

Det har vore 10 lag påmeldt i serien denne sesongen. På ein del av laga har vi hatt problem med fråfall av spelarar undervegs i sesongen. Dette gjeld spesielt laga med dei eldste spelarane. Vi har ikkje hatt damelag i år, og må sjå om det er grunnlag for å melde på eit lag i bedriftsserien neste sesong. Dei eldste jentene trener med jenter 15 laget.

Økonomien i laget er rimeleg god. Vi har halde budsjettet sjølv om det har vore større utgifter enn venta på halleige. Vi har og betalt heile utgifta til internettside dette året. Vi har ny hovudsponsor i år, Tysse Mek, og har fått nye sponsorar til veggen i Osterøyhallen. Der er no fullt.

Kampaviklinga i hallen går fint. Det har vore litt problem med at nokre av dei innkalla foreldra ikkje møter, men det har løyst seg greit med å bruke foreldre på tribuna eller eldre spelarar. Styret har gjennom heile sesongen hatt faste vakter i sekretariatet på dei ulike kampdagane. Dette er ei fin ordning for å få føling med kva som rører seg i gruppa. Vi har god tilbakemelding på kampaviklinga, og gode inntekter frå sal av mat på kampane.

På vegne av styret vil eg takka alle som har delteke i oppgåver i handballgruppa i året som er gått. Spesiell takk til trenarane som bruker så mykje av fritida si på dette arbeidet.

Eli Hole, leiar